

Låt o' Link

Medlemsblad for Valdres Folkemusikklag

Nummer 1

juni 2003

Årgang 13

*Aktive personer i
Folkemusikklaget stiller
opp i Slidrehuset.
Leiaren i LFS i midten*



Frå venstre: Jan Beitohaugen Granli, Aud Søyland, Randi Skeie, Oddrun Hegge, Tone Voldhaug, Solveig Hårdnes

Innhald

Gode lesar av Låt o Link!	2	Lydkurs på Tingvang	8
Arbeidsprogram for 2003	2	Nytt frå Valdrestakt.	8
Runddansstemne og lokalkappleik 2003	3	Takk!	8
Valdreskvelven	3	Jørn Hilme-stemnet 2003	9
Vårflaumen kallar! Vårflaumen kallar! ..	4	Øystre Slidre Spel- og dansarlag	10
FEST! FEST! FEST! FEST! FEST! FEST! ..	5	Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag	11
JØRN HILME-STEMNET 21.-27. JULI ..	6	Adresseliste, styret og andre	12

GODE LESAR AV LÅT O LINK!

Litt av eit puslespel, - eit puslespel med menneske som brikker? Slik føler ein det når ein legg arbeidsprogrammet som vart vedteke på årsmøtet 25. april utover bordet og ser kvart tiltak som det flotte biletet det skal bli, - berre me får rett brikke/menneske på rett plass. Styret har hatt fyrste styremøte i kveld, og det skal blir eit interessant, arbeidsamt og utfordrande år. Sjå eigen artikkel. Med klart blick fram mot 2006 og Landskappleik innser me at me må vera spesielt vakne for å "utdanne" fleire i organisasjonen, i å ta ansvar og oppgåver av ulik art. Me rekk å utdanne ein ny generasjon på denne tida, og de som alt er "utdanna" bør melde dykk fort til oppgåver de vil vekse i! Heilt avgjerande er det likevel at det er gode, opne miljø rundt i laga, og det blir det når me dansar nok, spelar og syng!

Det var eit godt årsmøte som vart avvikla i april. Frammøtet var svært godt, og som leiar gleda det meg at møtelyden var så samstemt i oppfatning av mål og middel for arbeidet vidare. Eg følte at me tala same språk, og me held tråden mellom diskusjonsforum, årsmøte og vidare til leiarmøte som blir til hausten. Til og med leiaren i Landslaget for spelemenn som gjesta oss, Randi Skeie, uttrykte ros til eit aktivt valdresmiljø!

Møtet vedtok å endre styrestrukturen frå å vera lokallagsrepresentert til å bli eit styre på fem uavhengige. Det nye styret består no av Oddrun Hegge (leiar), Tone Voldhaug (nestleiar), Jan Beitohaugen Granli, Trygve Bolstad, Aud Søyland, vara; Gjermund Før, Astrid Bråten og Mikael Dølven.

Me står overfor ein travel kurs- og kappleikssesong. Mange går på scenen med blanda kjensler av fryd og nerver. Forventningane til ein sjølv blir ofte skyhøge der ein blygt får skimt av domartrioar. Men hugs midt i spaninga at det er kappleik ikkje kappalvor! La ikkje konkurranseinstinktet ta heilt overhand, men nyt det som ei moro om du kan. Eg ynskjer dykk ein god sesong og ein god sumar!

Oddrun

ARBEIDSPROGRAM FOR 2003

Styret tok føre seg dette omfattande arbeidsprogrammet for å fordele ansvar og særleg omtanke for enkeltpunkt. Den ansvarlege har fått ordre om å trekkje til seg hjelpekrefter som kan vekse på å vera det. Vil du vera medhjelpar så er du velkomen til å ta kontakt med Vfl. tlf. 61364671.

Det blir ikkje plass til heile arbeidsprogrammet her, men du finn det på internett.

<http://home.no.net/vangspel> Finn fram til linken til VFL. Der finn du det.

RUNDDANSSTEMNE OG LOKALKAPPLEIK 2003

gjekk av stabelen på Tingvang laurdag 5. april.

Det var 103 deltakarar. Dei fleste stilte i yngste klasse.

I år hadde vi slått saman ein del klassar. Der vi til dømes har vore vane med å bruke A- og B-klassar, var dette no slått saman til eldste klasse, slik det har vore vanleg for eldre folkemusikkinstrument tidlegare. Likevel vart vandrepremiar utdelt til beste utøvar av B-klassane.

Mange hadde funne vegen til Tingvang. Kappleiken glei greitt gjennom tevlinga på dagen. Men ei lita oppmoding til kappleikdeltakarar: Hald deg på øvingsrommet til du blir henta. Og ver disponibel for kappleiken når du fyrst har meldt deg på. Alle kan ikkje spela til slutt. Dei som sit i salen fortener ei forestilling utan altfor mange pausar. Så samarbeid med arrangøren så vi ikkje får deltakarturke.

Det var mange dyktige utøvarar på scena. Langeleiken fekk ein brei plass gjennom den fyrste delen av dagen. Dei verkar speleglade, desse jentene. Ja, for det var nok mest jenter. Men kvar blir det av dei unge felespearane, dansarane og sangarane? Dei er så altfor fåe på kappleik.

Vi fekk heldigvis sjå ein gjeng spretne unggutar danse halling. Det var løgleg! Eg må også få vera så patriotisk å seia at eg storkosar meg når Ingrid Rogne spelar toradar! No har eg mest nemnt dei yngste.

Vi hadde også blant landets fremste utøvarar i eldste klasse. Men eg skulle ynskje meg at dette vart ei mønstring for fleire av dei lokale utøvarane i desse klassane også.

På kvelden hadde vi premieutdeling og tevling i lagdans, villspringar og runddans. Det var bra aktivitet på dansegolvet under oppdansinga til runddansfinala.

Det var mykje god dansemusikk, og det veksla på mellom runddans og springar utover natta.

Det er moro med kappleik. No har vi hatt oppsummeringsmøte i nemnda. Vi har prata om kva som gjekk bra. Det var det meste. Vi har også prata om det som ikkje gjekk så bra.

Det var også ein del. Noko av det lyt vi håpe vi eller andre kan dra lærdom av til ein annan gong. Men vi trur at dei fleste hadde ein hyggeleg dag.

Og vi - vi tente jammen pengar på det attpåtil!

Marit i Plasse

VALDRESKVELVEN

Årsmøtet var halde i Sørre Hemsing 17.3. 2003.

Det er 20 år sidan laget vart omdanna til spel- og dansarlag.

Kari Hagaseth vart vald til leiar att og det var stor optimisme i styret framfor eitt nytt år.

Vi i Vang ser fram til CD-utgjeving med arkivstoff av Ola Grihamar d. e. Sjå elles:

<http://home.no.net/vangspel>

VÅRFLAUMEN KALLAR! VÅRFLAUMEN KALLAR!

Det nye styret i Vårflaumen vil aller fyrst nytte høve til å takke det gamle styret i Vårflaumen for godt arbeid for laget, musikken og dansen! Ein spesiell takk til leiar *Bjørn Strand*.

Den som har overtake leiaransvaret i laget er *Ole Aa. Bråten* (Gnr. 19 bnr. 3). Han har vore med i styret i ei tidligare periode og ser med iver på det viktige arbeid. Saman med seg i styret har han *Gunnar K. Amundsen, Alice Gudheim, Inger Marit Viken, Knut Aa. Bråten, Tone Voldhaug, Gustav Berger og Unni Myrheim*. Difor: er det nokon som har spørsmål vedrørande lagsarbeidet er det fint om de tek kontakt med nokon av desse.

Kurs og dans

Av kursaktivitet i vår har det vore eit durabelt toraderkurs i Ulnes med Tom Kjetil Tørstad som lærermeister. Til hausten vil me halde fram med nok eit toraderkurs i tillegg til nybyrjarkurs i springar for vaksne og andre morosame kurs. Dette vil vi kome attende til når tida nærmar seg.

Danseøvingar fram mot Landskappleiken: sjå annonse i "Valdres"

Landskappleiken

Ivrige kappleiksdeltakarar i laget vil også i år svinge seg på scena, stryke og raspe over strengene og klimpre på hardingfela på Gjøvik. Vårflaumen skal sjølvsagt stille lagdans i år som åra før. *Tone Voldhaug* har ansvaret for å sy saman eit kraftfullt lag. Har du spørsmål om dette – ta kontakt med Tone (95051032/61363230). Og til dei som ikkje blir med på lagdans på Gjøvik – i slutten av juli blir det nye lagdans-moglegheiter på Jørn Hilde-stemnet!

Styret vil samstundes oppmode så mange som råd om å ta turen til Gjøvik for å bli med på moroa! Om du ikkje deltek på kappleikssцена eller dansar deg sveitt på dansegolvet er dette sjansen til å treffe att gamle kjenningar og ikkje minst høyre mykje god musikk! Ta difor med deg campingstolen og kom deg til Mjøsbyen i slutten av juni.

Etterlysing!!

Styret vil gjerne samle og registrere dokument, permar, bøker med meir som tilhøyrrer laget. Har du noko som kan vera av interesse for ei slik innsamling ber vi deg ta kontakt med oss!

Beste helsing

Vårflaumen spel- og dansarlag

FEST! FEST! FEST! FEST! FEST! FEST!

Historiene som er knytte til møtet mellom hallingen og valdrisen, opp gjennom tidene, er mange og ofte blodige. Dei luktar av villskap og primitiv natur. Om me har vorte mindre primitive med åra, kan kanskje diskuterast, men me har fått ein ny arena for måling av krefter; kappleikscena.

No nærmar landskappleiken seg raskt, og for å setja litt futt både i dansefoten og konkurranseinnstinktet, vert det **STOR FEST** nett på Golsfjellet!

Tid: laurdag 14. juni 2003, kl. 19.30.

Stad: Villmarkstunet i Tisleidalen.

Her vil me freiste å samle det beste me har å oppdrive av spelmenn og dansarar frå begge dalføre, og halde det gåande heile natta!

Inngangsprisen vert 80 kr., og det vil verta høve til å kjøpe seg mat og ikkje minst drikke. Villmarkstunet har bar med alle rettar. Dei har og 'ein triveleg uteplass ved elva, dersom været vert fint og flott.

Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringer for profesjonane.

- Bølgjes
- Driftsulykker
- Lønns
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale sparebank eller Torgjara Langvegspisn ved vår felles salgskontor på Fagernes



Private forsikringer

Vi kan ordne alle forsikringer for privatkunder:

- Bølgjes
- Ellev
- Fritidsbolommer
- Motorcykel i innleid
- Bølgjeforsikring
- Verdiforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vår felles salgskontor på Fagernes



Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov for forsikring av liv og helse

- Død
- Ulykkesgjeld
- Ellevogden
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale sparebank. Hvis du ikkje er kunde i ein av sparebankane så ta kontakt med vår felles salgskontor på Fagernes





Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – www.etnedalsparebank.no
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – www.vang-spb.no
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – www.slidrebanken.no
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – www.osbank.no
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – www.sparebankgruppa.no

JØRN HILME-STEMNET 21.–27. JULI

PROGRAM

MÅNDAG 21. JULI

19.30: Strunkelærer. Konsert med lærarane på Strunkeveko. (Valdres folkehøgskule)

TYSDAG 22. JULI

18.00: Kurs i gamaldans. Gratis. (Valdres Folkemuseum)

ONSDAG 23. JULI

18.00: Kurs i gamaldans. Gratis. (Valdres Folkemuseum)

19.30: Meisterspel. Konsert med elevar i masterclass spel og lærarane deira Tron Steffen Westberg og Hallvard T. Bjørgum. (Valdres folkehøgskule)

TORSdag 24. JULI

16.30: Gamal SKREKK for unge. Ungdomskonsert med Åse Teigland, Camilla Granlien og Tone Juve. (Valdres folkehøgskule)

17.30–20.30: Kurs på Valdres Folkemuseum.

21.00: Han rider den mørke natt. Agnes og Per Anders Buen Garnås. (Skrautvål kyrkje)

FREDAG 25. JULI

10.00: Kulturhistorisk busstur i Sør-Aurdal. Med open konsertlunsj ved Tingvoll. Oppmøte: Valdres Folkemuseum eller etter avtale.

10.00: Kurs på Valdres Folkemuseum.

15.00: Strunkis 2003. Konsert med 110 spreke strunkeelevar og 19 lærarar. (Valdres folkehøgskule)

17.00: Hundedeng og bikkjelete. Jan Beitohaugen Granli og Anders Røine. (Briskeby kafé)

19.00: Skal, skal ikkje.

Kritikarrost nyskapande folkemusikkteater. Utdeling av Torleiv

Bolstads minnestipend. (Kulturhuset)

SUMARKVELD PÅ VALDRESFOLKEMUSEUM

20.30: Bygdedans på «hundre» golv.

21.30: Intimkonsert med Elisabeth Kværne (langeleik) og Sven Nyhus (fele).

23.00: Plateslepp: Ola Grihamar d.e.

Grihamarspel med fleire spelemenn.

LAURDAG 26. JULI

10.00: Marit Mattisgard gjev ein smakebit frå cd'en: Try ord te de. (Kulturhuset)

10.00–17.00: Kappleik på kulturhuset.



FOLK I SENTRUM – gratis folkemusikk i sentrum

11.30: Gamaldans på Skiferplassen.

12.00: «Dans og uttrykk». Smakebitar frå masterclass i dans. (Skiferplassen)

12.15: Godkartevling på Skiferplassen.

13.00: Gamal SKREKK for unge. Barneframsyning.

SUMARKVELD PÅ VALDRES FOLKEMUSEUM

18.00: Vil du vera med så heng på. Barneframsyning. med Valdres folkemusikkgruppe og musikkskuleelevar.

19.00: Utekappleik med lagdans, lokk, tambur, bukkehorn og lur.

19.30: Karstykke for unge. Lær å bli godgut/jente av Grabukkadn.

20.00: SVEN NYHUS KVARTETT.

20.00: Bygdedans på «tusen» golv.

20.30: Fritt spelerom. Hallvard T. Bjørgum (hardingfele) og Tron Steffen Westberg (fele).

21.00: Øpe stogo. Fritt fram for alle som vil!

21.30: Rett vest. Egil Syversbråten (hardingfele) og

Turid Spildo Nerdrum (song, hardingfele).

22.30: Nivelkinn. Øyonn Groven Myhren og Odd

Nordstoga. Utekonserter på Kvjestunet.

SUNDAG 27. JULI

11.00–16.00: Kappleik på kulturhuset.

12.00: Try ord te de. Marit Mattisgard med familie.

18.00: Ynskjekonserten. Kjellaug Bolstad ynskjer låtar.

(Valdres Folkemuseum)

19.00: Premieutdeling og dans.

(Valdres Folkemuseum)

Designutstilling: Gudrun Helene Lunde viser klede og underheld (torsdag til søndag).

Dansespelemenn fredag og

laurdag: Egil Syversbråten,

Synnøve S. Bjørset,

Trygve Bolstad, Tron Steffen

Westberg, Jan Beitoaugen

Granli, Per Anders Buen

Garnås og 40 fleire!

Vekeskurs: Masterclass «Dans

og uttrykk» med Leif Stinnerbom

og Ingar Ranheim

med tonefylgje av Jan Beito-

augen Granli m.fl.

Meir informasjon:

Jørn Hilme-stemnet. Tynvegen 27, 2900 Fagernes. Tlf: 61364671, faks.: 61359901,

www.hilme.com, e-post: info@hilme.com. Billettbestilling pr. e-post eller tlf.



NYTT FRÅ VALDRESTAKT.

Ja no er me i full gang med å spikre saman eit lag til landskappleiken på Gjøvik, og vonar det skal ordne seg. Me har då ein tittel å forsvara frå i fjor.....

Det har vore noko varierende oppslutning på dansekveldane i vinter, men for det meste har det vore fem – seks dansepar på golvet, og spelemennene har vore lette å bea.

Det nye no er at me har flytta dansinga frå Slidrehuset til kantina, på kulturhuset, på Fagernes. Me har berre halde til der to gonger foreløpig, men har alt fått positive tilbakemeldingar frå publikum. Noko av målet for flyttinga var nettopp å verta litt meir synlege, og gjera folk merksame på kva me driv med.

Alle interesserte er hjarteleg velkomne til å ta ein titt, eller kaste seg uti ein dans. Valdrestakt er for ungdom frå 14 år og oppover.

Det er fyrst og fremst springar me har dansa no i vinter, men frå hausten vil me gå laus på gamaldans i tillegg. Då er me ute etter unge toraderspelemenn som har lyst til å spela til dans, kjenner du/de nokon?

Dansekveldane no framover vert retta mot deltaking på landskappleiken, og om det er nokon som har spørsmål når det gjeld datoar, klokkeslett og liknande, så er det berre å ta kontakt med:

Tone Voldhaug tlf. 61363230, e-post: tvoldhaug@hotmail.com

Helsing Ole og Tone.

LYDKURS PÅ TINGVANG

Helga før lokalkappleiken arrangerte folkemusikklaget lydkurs på Tingvang.

Den kjende lydmannen Tor Magne Hallibakken frå Nesbyen i Hallingdal skulle lære oss å bruke det flotte lydutstyret til folkemusikklaget. Diverre var det ein del fråfall mellom dei som hadde meldt seg på, men vi vart iallefall 6 personar. Tor Magne la kanskje lista litt høgt, f.eks. då han forklarte om problema med motsatt lada membranar som motvirka einannan, men dei to lokale lydfolka

Rune Glimsdal og Tommy Hansen virka godt nøgde. Sjølv sakna eg grunnleggjande opplæring i å kople saman delane i anlegget, så vi bør kanskje liste lægre neste gong. Likevel var emnet interessant og vi fekk mange gode tips om tilleggsutstyr til lydanlegget vårt.

Sjølv fekk eg kople-hjelp av Knut Opheimsbakken helga etter, og det var i grunnen det eg trur mange av oss hadde mest behov for.

Frode Rolandsgard

TAKK!

Takk for dei fine blomane eg fekk på Ullevål.

Takk for den flotte gåva og alle gratulasjonsstraumbrev på dagen

Helsing Solveig

JØRN HILME-STEMNET 2003

Jørn Hilme-stemnet held fram med å utvikle seg også i år, sjølv om eit tak er i ferd med å bli nådd når det gjeld tal på konsertar og andre aktivitetar. **Det store, intime stemnet** er slagordet, og intime møte med store namn står på programmet. Nytt i år vert konsert torsdagskvelden med Agnes og Per Anders Buen Garnås i Skrautvål kyrkje. Dei vil underhalde med verdslege og religiøse folkeviser frå M. B. Landstad. For songinteresserte skal det nemnast at Agnes Buen Garnås vil halde kurs i stoffet etter Landstad på fredagen. Også Marit Mattisgard vil vere songlærer i år, og ho vil dessutan kome ut med eigen CD og vil i dette høve halde konsert i Galleriet på sundagen i lag med nær slekt og gifteslekt. Galleriet vil også huse endå ei valdresjente! For fyrste gong vert det eiga festivalutstilling, og den er det Gudrun Helene Lunde som står bak. Ho har i år studert design i Stockholm, og ho har tidlegare eksperimentert mykje med toving. Galleriet i Fagernes sentrum vil med andre ord vere verdt å glytte innom.

Vi håpar svært på fint vêr i år. For dei som trekkjer innandørs for å høyre på Sven Nyhus og Elisabeth Kværne, Tron Steffen Westberg og Hallvard T. Bjørgum, eller Egil Syversbråten og Turid Spildo Nerdrum vil nok tromming på glasa berre vere triveleg. For dei som også vil høyre på spelemannsprisvinnarane Øyonn Groven Myhren og Odd Nordstoga framføre diktsyklusen Nivelkinn vil paraply bli løysinga om ruskevêret skulle kome. Vi har teke sjansen på å leggje denne konserten til Kvies-tunet seint laurdagskveld. Men det blir nok fantastisk uansett vêr.

For de som ikkje kjenner til **Skal-Skal ikkje**. Noko slikt har de aldri sett før! Dette er folkedansteater, med nyskrive musikk av Kvarts, humoristiske tekstar, regi av Leif Stinnerbom, og med flinke folk som Berit Opheim, Øyonn Groven Myhren, Martin Myhr, og sist men ikkje minst, **Solveig Hårdnes!** Ramma for teateret er eit bryllaup, og spørsmålet er skal-skal ikkje. Til de som allereie har sett det, så er det sikkert mange som meg, som vil sjå det ein gong til. Det er det all grunn til også fordi tradisjonen tur er det i år tur for utdeling av Torleiv Bolstads minnesstipend. I samband med denne utdelinga vil sundagskonserten vere med bl.a. Kjellaug Bolstad som vil ynskje seg hardingfelelåtar.

Og sist, men ikkje minst: Jørn Hilme-stemnet er kappleik og dans.

Kappleiken, som i ei fjern fortid var utgangspunktet for Jørn Hilme-stemnet, foregår i kulturhuset, bortsett frå lagdansen og tevling i instrumenter som tromme, lur, bukkehorn og lokk og laling. Det skjer på utescena på Valdres Folkemuseum tidleg laurdagskvelden.

Sven Nyhus kvartett vil stå for gamaldansmusikken; gode dansespelemenn og -kvinner er hyra inn. De blir dessutan høve til å melde seg på vekeskurs i Masterclass «Dans og uttrykk» med Ingar Ranheim og Leif Stinnerbom som instruktørar, eit kurs

som vil leggje vekt på formidling av dansen. Og til alle godkarar og godjenter; møt opp til kappestrid, og gjer kappleiken til den beste konserten.

Anne Marie Aastad Bråten
leiar

Guro Ådnegard Skarstad
PR-sjef

ØYSTRE SLIDRE SPEL- OG DANSARLAG

Informerer om aktivitetane i laget



Danseøvingar fram mot landskappleiken:

Syndagsdansar: 18/5, 25/5, 1/6, 15/6, 25/6

Fredagsdansar: 6/6 og 20/6

Danseleiarar er: Sidsel Røine 61342387 og Magnhild Haugen 61342310

Songøvingar:

Dei same syndagane som det er danseøving er det songøving på førehand. Songen byrjar klokka 19.00. Me hadde fyrste songøving i påska og kjem til å halde fram til Landskappleiken.

Songleiar er: Knut Arne Jacobsen 61340515

Speløvingar fram mot landskappleiken:

Det er øvingar for spelemannslaget kvar veke. Fram til no har dette vore klokka 20.00 på torsdagar. Det er usikkert om torsdag blir øvingskveld framover, så ta kontakt med spelleiar for meir informasjon.

Spelleiar er: Jan Beitohaugen Granli 90739561

Etter sommaren har me planar om å setje i gang ein del kurs/ øvingskveldar. Alt dette er ikkje fastlagt enno, men me freistar å få i gang:

Nybegynnerkurs i: langeleik for vaksne, springar, song og torader.

Born / Ungdom: juniortoradargruppe, samspel langeleik, juniorspelemannslag og kombinerte song og dansekveldar.

I tillegg blir det kurs for lærarar og førskulelærarar i songtradisjon frå Valdres. Kontakt gruppeleiarane for spørsmål.

Alle er hjarteleg velkomne til å delta på alle aktivitetane våre !

Gruppeleiarar for dei andre aktivitetane i laget:

Torader: : Gunnar Gjevre 61342384

Langeleik: Gunvor Hegge 61340445

Ungdomsgruppa: Mette Storeng 61340347

Spel- og dansarlaget 60 år !

No har Spel- og Dansarlaget i Øystre Slidre halde på i heile seksti år, og til hausten blir det ein stor jubileumsfest ! I byrjinga heitte laget " Øystre Slidre spelemannslag", seinare vart det heitande Øystre Slidre Spel- og Dansarlag.

Styret etter årsmøtet 2003:

Formann: Stian Roland, 9072690 rolandstian@hotmail.com

Nestformann: Kari Steinsrud, 61342462

Kasserar: Tordis Gjevre, 61342387

Sekretær: Audun Røgne, 41514498

Styremedlem: Anders Røine, 97180839

Rekneskap: Torgeir Onstad, 61340099

Spelemannstogo står på bygdetunet på Herang, og er sentrum for aktivitetane våre. Dette gamle lafta huset har ein lun og varm stemning, og er arena for dei fleste av aktivitetane våre. Her lever dansen og musikken vidare i samhør, og du vil snart oppdage at det er plass for alle, ung og gamal !

Vil du møte dei aller beste
te spela, danse, syngji, feste
ta stege, meld de` no inn i dag
i Øystre Slidre Spel- og Dansarlag.

Med helsing Øystre Slidre Spel- og Dansarlag v/ Stian Roland

VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK OG DANSELAG

Styre:

Leder Astrid Olga Bråten

Nestleder Gjermund Før

Kasserer Guri Marie Hegge

Styremedlem Anne-Marit Røn

Styremedlem Torbjørn Kvåle

Våramedlem Nils Olav Bakken

Våramedlem Siri Vidflat

Revisor Eivind Mørken

Andre i laget: Kåre Skogstad, Marion Sagård Bakken, Marit Strømmen, Torstein Røyne, Magne Moe, Sigbjørn Ødegård, Ola Hjelle, Arne Ødegård, Johanna Fuglesteg, Knut Øystein Bakken, Ingebjørg Moe.

Valgnemd: Odd Kolbjørnshus, Knut Idstad, Engebret Ringen

Dette er de som er med etter årsmøtet. Vi håper å kunne få til dansekurs/øvninger til høsten sammen med andre lag.

Det er en fordel å kunne samarbeide med andre lag som også sliter for å få hjula til å gå.

Hilsen Astrid Olga

B

ADRESSELISTE, STYRET OG ANDRE

ligg på internett. <http://home.no.net/vangspel> Klikk på «VFL»



Tre glade karar frå Valdres Folkemusikkgruppe!

Jan Beitoaugen Granli.
Gratulerer med Fanitullprisen!!

Trygve,
Gratulerer med
60-årsdagen den
21. mai!

Øystre Slidre innviterer alle som har lyst til å bu på Valdres-campen på landskappleiken på Gjøvik. Fredagskvelden er det som alltid stor samling for alle som har lyst til å koma på ein matbit og høyre Valdres-musikk. Sei frå når du bestiller plass på campinggen at du vil bu der Øystre Slidre har camping !!!

-stian-



Valdres Folkemusikklag,
Tyinvegen 27, 2900 Fagernes.
Tlf. 613 64671 Faks. 613 59901

Gratulerer med vel overstått, Solveig!